



Notat

Dato: 12.04.2019
Arkivsak: 2019/10623-2
Saksbehandlar: evavinj

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

KS samferdselsnettverk - Svar på oversendingsforslag

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 21.02.2019 under PS 21/19 Ymse vart det teke inn følgjande

«Benthe Bondhus (SP) sette fram slikt oversendingsforslag: «Arbeidsgruppe – KS
KS- samarbeidsorgan, samferdsel for fylkeskommunane.

Hordaland sin representant leiar i utval for miljø og samferdsel Jon Askeland.
Vararepresentant, nestleiar i utval for miljø og samferdsel.

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.»

Fylkesrådmannen sine kommentarar

KS har oppretta eit nytt samferdselsnettverk etter oppmoding frå medlemmane. Nettverket skal arbeide med problemstillingar knytt til avviklinga av sams vegadministrasjon. Frå 2020 vil fylka sjølv overta administrasjonen av eigne vegar.

Nettverket er i hovudsak eit administrativt nettverk, og Jon Askeland ser difor ikkje eit behov for at han skal delta i dette forumet. Fylkesdirektør for infrastruktur og veg i nye Vestland fylkeskommune, Dina Lefdal, stiller som representant for Vestland fylkeskommune.